

# Intranett

## Spørjeundersøking i DOT Hordaland 2010

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD)  
AUD-rapport nr 9 2010

# Bakgrunn og metode

- Undersøkinga er utført av Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) på oppdrag frå Fylkestannlegen.
- Datainnsamlinga vart gjort elektronisk. Det vart sendt ut spørjeskjema på e-post til alle tilsette i DOT Hordaland.
- Totalt fekk 337 tilsette tilsendt spørjeskjema og 179 av desse har svara på undersøkinga. Det tilsvarar ein svarprosent på 53 %.


# Informasjonskjelder

Kva er den viktigaste informasjonskanalen når det gjeld informasjon frå arbeidsgjevar?

Den viktigaste kjelda til informasjon frå arbeidsgjevar for dei tilsette i DOT Hordaland er e-post. 66 % oppgjev dette som den viktigaste informasjonskjelda.

27 % svarar at intranett er den viktigaste kjelda til informasjon.

Det er berre ein svært liten del som oppgjev telefon (2 %) eller munnleg informasjon (5 %).




# Intranett - Bruk

Kor ofte er du inne på intranettet?

Sjølv om den største delen av dei tilsette har e-post som den viktigaste informasjonskjelda, er det likevel 64 % som er inne på intranett ein eller fleire gonger for dagen.

25 % er på intranett 2-4 gonger per veke, mens 8% svarar at dei er inne på intranett sjeldnare.




# Intranett - Startside

Startsida på intranettet er felles for alle tilsette i Hordaland fylkeskommune. Det inneber at når ein loggar seg på kan ein få opp saker frå andre avdelingar på første sida. I kva grad er det nyttig for deg å sjå saker frå andre avdelingar?

Den største delen av dei tilsette synest det er relativt lite nyttig å sjå saker frå dei andre avdelingane i Hordaland fylkeskommune når dei er inne på intranett.

På skalaen frå 1 til 6, der 1 er svært lite nyttig og 6 er svært nyttig, er gjennomsnittet 2,5.




# Intranett - Startside

Kor lenge ei sak frå tannhelse blir liggjande på førstesida på intranettet avheng mellom anna av kor mange andre saker som vert lagt ut på denne sida. Kva meiner du om kor lenge saker frå tannhelse ligg på førstesida på intranett?

Spørsmålet om saker frå tannhelse ligg for lenge eller for kort på framsida er ikkje noko som dei tilsette har gjort seg opp ei meining om i særleg stor grad. Heile 70 % svarar "ikkje sikker" på dette spørsmålet.

Det er likevel fleire (25 %) som meiner at sakene ligg for kort tid på førstesida, enn som meiner at dei ligg for lenge (5 %).




# Intranett - Bruk av ulike sider

Den sida som flest er inne på kvar dag, i den venstre sidemenyen, er "informasjon". Til saman 31 % er inne på denne sida dagleg.

Dei sidene som flest bruker kvar veke er: informasjon (71 %) adresselister (57 %) og skjemasamlinga (52 %).


Dei sidene som færrest er inne på kvar minimum 2 gonger pr veke er folkehelsearbeid og Prosjekt IT.



# Intranett - Bruk av ulike sider

Den sida som vert vurdert til å ha størst nytteverdi er skjemasamlinga (5,5) etterfølgt av adresselister (5,4) og informasjon (4,9).


Dei sidene som dei tilsette meiner har den lågaste nytteverdien er Aktiv Bedrift (3,5) ledige stillingar (3,6) og prosjekt IT (3,8).



# Intranett - Bruk av ulike sider

Bruken av dei ulike sidene i høgre sidemeny er generelt lågare enn bruken av sidene i venstre meny.


Den sida som dei tilsette oftast er inne på her, er tilvisning/behandling. Til saman 22% er inne på denne sida kvar veke.



# Intranett - Bruk av ulike sider

På samme måte som bruken av sidene i høyre meny er lågare enn venstre meny, vert nytteverdien av sidene i høyre meny vurdert som lågare.

Den sida som oppnår høgast skår på nytteverdi er elektronisk reiserekning (4,8). Reiser i sone 2 har den lågaste nytteverdien (2,6).




# Intranett - Brukarvennlegheit

Den største delen av dei tilsette synest det er relativt lett å finne det ein leiter etter på internett. 34 % svarar 5 på ein skala frå 1 til 6 der 6 er svært lett.

Det er berre 1 % som synest det er svært vanskeleg å finne fram på intranettet, medan 11 % synest det er svært lett. Gjennomsnittet er 4,3.

Kor lett eller vanskeleg synest du det er å finne det du leiter etter på intranettet?




# Intranett - Layout

Dei tilsette i DOT Hordaland er litt over middels nøgde med layouten på intranettet.

Den største delen (32 %) svarar 4 på skalaen frå 1 til 6. Gjennomsnittet er 3,9.

Kor nøgd eller misnøgd er du med layouten på intranettet?




# Intranett - Diskusjonsforum/blogg

Kor nyttig meiner du det ville vere å ha interaktive element på intranettet som f. eks diskusjonsforum eller blogg?

Interessa for diskusjonsforum/blogg er i utgangspunktet litt under middels. Det er om lag like mange som svarar 3 (19 %) og 4 (20 %). Gjennomsnittet er 3,1.

Det er også ein relativt stor del (17 %) som svarar "ikkje sikker" på dette spørsmålet.




# Intranett - Tilfredsheit alt i alt

Alt i alt er dei tilsette meir nøgd enn misnøgd med intranett. Den største delen (42 %) svarar 4. 10 % svarar 6 – svært nøgd, mens ingen svarar 1 – svært misnøgd.

Den gjennomsnittlege skåren er 4,3.

Sjølv om dei tilsette langt på veg er nøgde med intranett, er det fleire som i opne spørsmål på slutten av undersøkinga skriv at dei saknar den gamle "sentralen"

Kor nøgd eller misnøgd er du alt i alt med intranettet?



# Kva kan gjerast betre?

- Betre layout, meir bruk av fargar
- Informasjon til nyttilsette
- Betre søkemoglegheitene ( f eks for rundskriv)